

Januar:

Vinterleir: NMU skipa til vinterleir i Bø. Der var sjølvsgagt SmiB til stades. Me dekkja deltakarpengar, og reise for medlemmane våre.

Februar:

Årsmøte: Februar er årsmøtesesong – også i SmiB. Me valde nytt styre, utsendingar til ein skokk med landsmøte, og årsmøte (landsmøte i målungdomen og mållaget, og årsmøte i Hordaland Mållag). I tillegg hadde me oppe økonomi, årsplan og andre vanlege årsmøtesaker.

Målpils Målpils på kvarteret. Bra konsept, men dårleg mobilisering. Me var likevel tre glade SmiBarar som hadde det triveleg på kvarteret.

Studentsamling i Tromsø: Det var studentsamling i Tromsø, og SmiB stilte med ein stor delegasjon. SmiB dekkja deltakarpengar for medlemmane våre.

Mars:

Odd Nordstoga-konsert:



Me var på Odd Nordstoga-konsert på verftet. Det var kjekt, men me var litt treige med å koma i gang og distribuera billetter til medlemmane våre, men me vart framleis ein glad gjeng på seks personar, og sjølv om Nordstoga song triste songar om å lengta heim, var me eigentleg ganske nøgde med å vera der me var.



Landsmøteoppvarming: Før landsmøtet hadde me landsmøteoppvarming. Her gjekk me gjennom ein del av dei sakene som skulle opp på landsmøtet. Dei fleste av utsendingane som skulle på landsmøtet kom. I tillegg var det ein person som ikkje skulle på landsmøte, men som likevel var til stades. Det var ein god idé å ha eit landsmøteførebuande møte.

Landsmøte: Etter at me hadde varma opp til landsmøte, drog me sjølvsgagt på landsmøte! Me hadde sju utsendingsplassar, og hadde fylt opp alle. Utsendingane våre gjorde ein god jobb, og fleire markerte seg på talarstolen.

Mai

17. Mai feiring: Me feira 17. mai ved å leggja ned krans ved Ivar Aasen-bysta. Ettersom me ikkje spurde nokon eksterne, endte Ragnhild opp med å halda tale.

Me brukte pengar på krans og twist.

Juni

Sumaravslutning: Me fekk han Fredrik på besøk til å snakka om korleis me kunne få studentsamskipnaden Saman til å bruka meir nynorsk. Og fordi det var sumaravslutning (og sumar=is) vart det sjølvsgagt isrosa is.

BT-debatt om nynorsk på bybana: Ein person frå styret var og hørde på Peder Lofsnes Hauge debattera temaet: nynorsk på bybana. Motdebattanten: Arve Waage frå Bokmålsforbundet. Me delte ut litt tilfang, snakka med eit par unge kule folk, og himla med augo når bokmålsforbundet snakka om korleis nynorsk på bybana var eit overgrep utført av fylkestinget mot bergensarane.

Juli

Sumarleir: Me var på sumarleir, me dekkja som vanleg deltakarpengar for medlemmane våre.

August

*Klar for studenttorg
på UiB*

Stand på studenttorget til UiB: Det gjekk greitt på tross av at det berre var ein person i styret som kunne den dagen. Burde ha kartlagt betre når folk kom til Bergen, og spurde anten nokon frå sentralstyret, eller andre medlemmar i laget om å koma og hjelpa til. Me verva! Me brukte pengar på smørbukk og twist.

Stand på høgskulen: På denne standen var me tre personar, to frå styret, i tillegg til Svein frå sentralstyret. Me kom ikkje inn på kontoret, så me fekk ikkje henta tilfang, heldigvis hadde Svein med noko. Ingrid hadde også hamstra vervekort heime.

Semesterstartpizza: Me opna semesteret med pizza, kviss og is. I tillegg hadde me laga løpisar som me kunne dela ut.



September

Omfram årsmøte: Tidens snøggaste årsmøte. Me supplerte styret, og var ferdige på sju minutt. (Etterpå hang me og var sosiale)

Stand på UiB (i vervekampanjen): Me stod på stand på MatNat og Hf, fordi det nye styret var litt gira på å vinna vervekampanjen.

Neste år ... Gralen skal hem.

Oktober

November

Desember

Juleavslutning: Me åt graut, var i peparkakebyen. Hadde det triveleg.

I tillegg har me hatt 11 styremøte spreidd utover året.

-gå gjennom fireårsplan??? det sa me på årsmøtet sist at me kanskje burde.